



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar referanse:
Off.nr.: 974763907 eller
epostadresse gir ikke entydig
identitet
12.02.2018

Sakshandsamar:
Torill Anita Segtnan
Tlf. 57612824

Vår referanse:
18/533-2-TAS-
GBNR - 16/6

Dato:
26.02.2018

Uttale - Etablering av mellombelse bioceller på Einestølen

Vi viser til dykkar brev, datert den 12.2.18, vedkommande søknad frå Sunnfjord Miljøverk om oppretting av mellombelse bioceller for å ta hand om lagra kompostavfall på Einestølen.

Søknaden omfattar etablering av tette bioceller med drenering i to høgder, fakling av metangass i eksisterande gassanlegg og bakteriell prosess i tre trinn.

Det går ein bekk/lita elv under den komposthaugen som ligg utafor avfallsplassen i dag. Bekken er lagt i røyr under komposthaugen for å unngå innblanding av avfallsstoff direkte i vatnet. Så lenge komposthaugen likevel er ope i toppen og på sidane vil vatn sige gjennom avfallet og ut i bekken. Den lukka biocella vil så langt vi kan sjå vere ei forbetring som vil vere med på å kontrollere sigevatnet ut frå komposthaugen og gjere det mogleg med overvaking. Vi føreset at reinsetiltak blir sett i verk dersom dette viser seg å vere naudsynt. Vi finn at oppretting av denne biocella vil vere med på å forbetre den økologiske og kjemiske tilstanden rundt vassførekomsten frå det den er i dag, og avhjelpe måloppnåing jf. vassforskrifta §§4-6,.

Biocella som ligg utafor avfallsplassen i dag grensar opp mot eit område med viktig naturtype rik edellauvskog. Det er registrert trua arter, m.a. skorpeglye utafor det området kor biocella er tenkt plassert. Så langt vi kan sjå vil den ikkje skade artane direkte. Inngrepet ved etablering av biocella må likevel avgrensast med omsyn til desse artane sånn at anleggstrafikken ikkje skadar edellauvskogen. Vi kjenner ikkje til sårbare dyreartar i området.

Området rundt avfallsanlegget er lagt til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel. Vi er ikkje kjent med planar for vidare utvikling på eigedommane rundt anlegget innafor Førde kommune. Delar av området rundt ligg i Naustdal kommune. Vi reknar med at dei får høve til å kome med innspel i saka også.

Dei lukka biocellene vil så langt vi kan sjå avhjelpe mot avgassar og lukt i høve dei forholda som er på staden i dag. Dersom alternativ løysing er å køyre vekk massane steg for steg reknar vi med at perioden med at luktproblema vil kunne vare over lengre tid. Vi ser derfor positivt på søknaden frå Sunnfjord Miljøverk om etablering av biocellene.

524#2799;1aa356d6-119f-40f0-baec-8fb17f5e67aa;3

Med helsing

Torill Anita Segtnan
Ingeniør

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Sunnfjord Miljøverk IKS

Einestølen

6800

FØRDE

KOPPI